



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 14.07.2025

Vår ref.: 202515226-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til midlertidig tapping under LRV ved dam Blåfjellvatn og dam Vesle Trevassdalsvatn i Volda kommune, Møre og Romsdal fylke

NVE har fått ein søknad frå Sognekraft Produksjon AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved å tappe under LRV ved dam Blåfjellvatn og dam Vesle Trevassdalsvatn i Volda kommune. Dette er planlagt i perioden 01.09.2025 – 14.09.2025.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Sognekraft Produksjon, datert 10.07.2025, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved dam Blåfjellvatn og dam Vesle Trevassdalsvatn. Sognekraft skal gjennomføre utbetringar av ein lekkasje i dam Vesle Trevassdalsvatn, samt gjennomføre kontroll og tilsyn ved denne og dam Blåfjellvatn. For å få tilgang til oppstraums side av dammane er det naudsynt å senke vasstandane. Sognekraft søker derfor om å få senke Blåfjellvatn med 0,5 m under LRV til kote 875,2. Dei ber også om å få senke Vesle Trevassdalsvatn med 4,4 m under LRV til kote 718,0, alternativt med 2,4 m under LRV til kote 720,0.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9724/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202515226 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **18.08.2025**

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Marianne Angård

Førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
VOLDA KOMMUNE

Kopimottakarliste:

SOGNEKRAFT PRODUKSJON AS